

# Joik

## – ein viktig del av den norske kulturarven

I eit tilfelle mot slutten av 1600-talet blei ein samisk bestefar arrestert for å ha forsøkt å gjenopplive barnebarnet sitt, som hadde drukna i elva, ved å spele på ei spesiell tromme. Mannen reagerte med sinne, fordi dei hindra han i å redde livet til den stakkars guten.



Mari Boine – samisk songar og musikar.

Bestefaren blei dømd for avguderi, og kort tid seinare blei han brend levande. På bålet blei også tromma hans, som han hadde bruk i gjenopplivningsforsøket, brend. Musikk har stått sterkt hos samane, og denne historia er eit godt eksempel på undertrykkinga av den samiske kulturen i Skandinavia.

Samane er Noregs urfolk, og har truleg røter 10 000 år tilbake i tid. Kulturen deira var prega av åndelege krefter og trolldom, og det var dette det norske, kristne samfunnet ønskte å stoppe. Men sjølv etter at samane blei kristne, levde denne kulturen vidare. Eit eksempel på dette er musikkforma joik.

Joik er ei vokal musikkform. Det betyr at ho blir sungen. Joik kan bestå både av ordtekst, det vil seie ord med mening, og lydtekst – stavningar som no, nu, lo, la og liknande. Eit vanleg kjenneteikn i joik er at ein syng med ei trøng strupe. Joiken handlar alltid om noko eller nokon – mellom anna personar, dyr eller natur. Han kan også fortelje historier. Slik er det joiken tyder, altså kven eller kva han representerer, svært viktig. Ein joikar faktisk ikkje om noko, for eksempel ein bjørn; ein joikar bjørnen.

Joiken blei brukt av samane som identitetsbyggjar og for å få markere motstand mot den undertrykkinga dei opplevde. Sjølv om embetsmenn og misjonærar hadde lært seg grunnleggjande samisk, klarte samane å skjule oppfordring til motstand i joikane sine. I dag lever joiken vidare, både i tradisjonell forstand og i meir moderne former, ofte blanda med andre stilartar, for eksempel jazz. I 1989 debuterte den samiske artisten Mari Boine med albumet *Gula Gula*. Musikken hennar er eit godt eksempel på korleis joiken kan opptre i ein meir moderne musikalsk samanheng, sjølv om ein i slike tilfelle sjølvsagt kan diskutere om det enno er ekte joik.

Det var først i andre halvdel av 1900-talet at ein begynte å arbeide for å bevare samisk kultur. Rettane til den samiske befolkninga blei sette på dagsordenen. Dette har sjølvsagt også løfta samisk kultur, deriblant joiken, som uttrykksform. Å utforske slike tema er viktig for å forstå kvifor samisk kultur utgjer ein del av den norske kulturarven.

### Kjelder:

Store norske leksikon: [snl.no/samer](http://snl.no/samer)

Store norske leksikon: [snl.no/samisk\\_folkemusikk](http://snl.no/samisk_folkemusikk)

Store norske leksikon: [snl.no/joik](http://snl.no/joik)

Store norske leksikon: [snl.no/urbefolknings](http://snl.no/urbefolknings)

Aksdal, Bjørn & Sven Nyhus, red.: *Fanitullen: innføring i norsk og samisk folkemusikk*, 1993